



Sunnfjord kommune

Areal- og byggesak

Vår ref 22/10873-3

Dykkar ref

Saksbehandlar Anniken Heggedal

Dato 01.03.2023

Førde Sentrum Borettslag
Postboks 234
6801 Førde

Kunngjering av oppstart av planarbeid - Førde brannstasjon

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette varsla om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan Førde Brannstasjon. Føremålet er å legge til rette for ny brannstasjon i Førde. Ny brannstasjon er planlagt plassert på Hafstad, mellom Hafstad VGS og Politistasjonen. Plasseringa er vist med blå ring på flyfoto nedanfor.



Bakgrunn

Sunnfjord kommune har i dag dispensasjon i eit avgrensa tidsrom for å drifte Brann- og Redningstenesta i eksisterande lokalar i Førde. For å stette dagens krav og pålegg, vurderer kommunen å bygge ny brannstasjon. Brannstasjonen skal innehalde vognhall/garasje, verkstad/spesialrom, kontor, og møte-/undervisningsrom.


I tillegg til personell i brannberedskapen, har òg brannførebyggjande personell, feiarvesenet, samt administrasjon tilhald på brannstasjonen.

Planområdet og planavgrensing

Planområdet ligg sentralt i Førde. Det er på om lag 4,4 daa, og terrenget er hovudsakleg flatt. I dag er området nytta som riggområde for vegarbeid på E39.

Besøk: Hafstadvegen 42, 6802 Førde	Telefon: 57 72 20 00	Org.nr: 921244207	postmottak@sunnfjord.kommune.no
Post: Postboks 338, 6802 Førde	Konto: 3705 39 85832	Kommunenr: 4647	www.sunnfjordkommune.no

Planavgrensinga følgjer eigedomsgrensa i aust, følgjer midten av vegen i nord, og går mot gang- og sykkelstien i sør. Mot vest går avgrensinga over parkeringsplassen til Hafstad vgs. Planområdet dekkjer størsteparten av gbnr. 61/470, og 61/485, samt mindre delar av gbnr. 61/378 og 61/471. Planavgrensinga er vist på kart nedanfor.



Planprogram/konsekvensutgreiing

Det er vurdert at det ikkje er behov for planprogram eller konsekvensutgreiing. Sjå vedlegg «Vurdering av krav til konsekvensutgreiing» for grunngjeving.

Merknadsfrist 10.04.2023

Det er høve til å kome med merknadar til varselet om planoppstart. De vil ikkje få svar på merknadane, men alle merknadar vert vurdert i det vidare planarbeidet. Merknadar som blir sendt inn vert offentleg tilgjengeleg på nettsida til kommunen, med mindre dei inneheld sensitive data. Brukar du e-post, vil e-postadressa di bli offentleg tilgjengeleg.

Oppstart vert også annonsert i Firda og på Sunnfjord kommune sine nettsider, under kunngjeringsar.

Frist for å sende inn merknadar er: **10. april 2023.**

Slik sender du merknadar

Eventuelle merknadar til planarbeidet skal sendast til Sunnfjord kommune som post eller e-post:

- Sunnfjord kommune, Postboks 338, 6802 Førde

- postmottak@sunnfjord.kommune.no

Merk brev eller e-post med saksnr. 22/10873

Med helsing

Anniken Heggedal
rådgjevar

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Kopi til:

Vedlegg:

Oppstartsmøte Førde brannstasjon
Vurdering av krav til konsekvensutgreiing
Planavgrensing Førde Brannstasjon grunnkart
Planavgrensing Førde Brannstasjon eks.regplan
Førde Brannstasjon - situasjonsplan og skisser

Mottakarar:

Arild Åsen	Hafstadvegen 64	6800	FØRDE
Bkk As	Postboks 7050	5020	Bergen
Førde Pinsemenighet	Jobakkevegen 39	6817	Naustdal
Jan Ove Hafstad	Øvre Kleivane 27	6814	FØRDE
Kjell Ottar Åsen	Hafstadvegen 64	6800	FØRDE
Magne Sturle Hafstad	Hafstadvegen 72	6800	FØRDE
Ms Hafstad 51 As	Hafstadvegen 72	6800	Førde
NVE region vest	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Statens vegvesen Region vest	Postboks 1010	2605	LILLEHAMMER
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Sunnfjord Miljøverk Iks	Einestølen Kloppstadvegen 310	6815	Førde
Vest Politidistrikt	Postboks 85	6901	Florø
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen